



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 21.08.2025

Vår ref.: 202410754-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av søknad om uttak av grunnvatn i Ørsta kommune, Møre og Romsdal

NVE har fått ein søknad frå VD Eiendom Vartdal AS, datert 11.06.2024, om løyve etter vassressurslova til uttak av grunnvatn. Søknaden er lagt ut på www.nve.no/9390/v, og den blir kunngjort i Mørenytt av NVE. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 45.

Frist for å sende inn fråsegn er 17.10.2025.

Kva blir det søkt om?

VD Eiendom Vartdal AS søker om løyve til å ta ut inntil 15 l/s grunnvatn i periodar opptil 4 mnd. per år. Vatnet skal nyttast til kjølevatn i plastproduksjon og skal i tillegg fungere som reservevatn for Nordre Vartdal vassverk. VD Eiendom har sidan 2021 hatt konsesjon til uttak av same mengde grunnvatn frå to lausmassebrønner på Vartdalsstranda ved utløpet til Storelva/Nordre Vartdalselva, men det er problematisk at desse er påverke av brakkvatn. Dei søker difor om løyve til uttak av grunnvatn frå ein ny produksjonsbønn som er ca. 250 meter lenger opp i dalen. Den nye grunnvassførekomsten har tilfredsstillande vasskvalitet, og ligg på eit jorde mellom Storelva og Årskogvegen.

NVE skal berre behandla sjølve vassuttaket, anna infrastruktur er handsama etter anna lovverk.

Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdrag-og-grunnvannstiltak/konsesjon-til-vassdragstiltak/

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngjevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9390/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn 202410754» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn 202410754», og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **17.10.2024**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Ørsta kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
seksjonssjef

Marianne Ask
rådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
ØRSTA KOMMUNE
Mattilsynet Region Sør og Vest
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)

Kopimottakarliste:

NORCONSULT AS AVD VOSS - Oddmund Soldal
VARTDAL PLASTINDUSTRI AS - Per Harald Woldsund